

## UTLÅNSREGLAR FOR ASKVOLL BIBLIOTEK (UUV-036/06)

### 1.Lånerett - lånetid

Alle har rett til å låne på biblioteket gratis.

Biblioteket har bøker, oppslagsverk, tidsskrift, lydbøker, storskriftbøker, video, språkkurs og musikk. Det meste av materialet kan lånast heim.

Lånetida er normalt 4 veker.

### 2.Lånekort.

Alle kan få lånekort frå fylte 6 år. Born under 10 år må ha foreldre eller føresette si underskrift. Born under skulealder må låne på foreldra sitt lånekort.

### 3.Tinging av bøker

Ynskjer du å låne ei bok som er utlånt, kan du verte oppført på venteliste. Du får melding når boka kan hentast.

### 4.Lån frå andre bibliotek

Bøker som ikkje finst i biblioteket si samling, kan i dei fleste høve lånast frå andre bibliotek.

### 5.Utdanning, studie og kurs

Biblioteket står til teneste med å skaffe faglitteratur om ulike emne. Best hjelp får du om du tek kontakt med biblioteket ei tid før du treng litteraturen.

### 6.Litt om dine plikter

Det du låner er du ansvarleg for. Tapt eller øydelgt materiale må erstattast.

Vi ber deg passe på lånetida slik at andre og kan ha høve til å lese bøkene. Bøker det ikkje er venteliste på kan du få forlenga lånetid for.

### 7. Purring

Bøker som ikkje er levert til avtalt tid, vert purra. Det er eit purregebyr på kr. 10.00 på 1.brev, kr.20.00 på 2.brev. Etter 2.varsel vert det sendt rekning.

Pris pr. bok vert vurdert. Høgste pris er kr. 300.00

Lånaren kan misse retten til å låne dersom reglane ikkje vert følgde.

